

Rapport Filmatisk formidling 2021

Bergen 08.10 2021

Filmatisk formidling starta i februar 2021 og har hatt hovudfokus på samarbeidet med dei andre kommunane. Produksjonen av filmar internt på Bergen Offentlige Bibliotek er også ytterlegare tilrettelagt for å inngå i drift etter samarbeidsprosjektet er avslutta.

Så langt i prosjektet er følgande fellesaktivitetar gjennomført:

- Digital workshop med alle kommunane.
- Digitale førebuingmøter mellom workshopene
- Workshop for finpuss av storyboards og filming.

Vi starta året med reiseforbod mellom kommunar, og måtte derfor satse på digitale møter og workshops. Vi arrangerte ein digital workshop i April.

Programmet var tredelt og fokuserte på utvikling av manus og storyboards, sosiale media og performativ formidling.

Johnny Holmvåg, Camilla Grindheim Larsen, Elisabeth Skråmestø Wyller og Adele Lærum Duus hadde ansvar for innhaldet.

Mellom den digitale workshopen i april og fysisk workshop i juni var oppfølginga digital.

I juni heldt vi workshop med oppmøte der vi fokuserte på å ferdigstille manus og storyboards, øve på framføring under rettleiing frå skodespelar og litteraturformidlar Adele Lærum Duus. Siste del av workshopen gjekk til filming i vårt interne studio.

Før ferien evaluerte vi i styringsgruppa og skisserte prosjektet sine aktivitetar i haustsemesteret.

Hausten 2021 skal vi ha ein workshop over to dagar for å få produsert dei planlagde filmene.

Tilbakemeldingane frå samarbeidskommunane er særst gode. Dei opplever samarbeidet som fruktbart og metodikken som ein utviklingsboost. Formidlarane sine individuelle bidrag har utvikla prosjektet ytterlegare.

Vi har søkt om finansiering av prosjektet sitt andre år. I neste prosjektperiode vil vi fokusere endå meir på å få metoden inn i drift, samt å utstyre samarbeidspartnarane med det dei treng for å gjere det same. Det vil vi gjere i form av ein toolkit som vi vil utvikle fram mot hausten 2022. Denne toolkitten vil også kunne bli tilgjengeleg for andre bibliotek.